

F E B R U A R - R U T I N E N

- # 1. Kommune- og fylkestingsvalet

- ## 2. Chile-fraksjonen

- ### 3. 50-milskampen

5. Instruks om kvartalsrapport og kontingent for 1.kvartal 1975

Gslo 27/1 1975

Organisationsutvalet

KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET

Vi viser til tidlegare direktiv om frist for start av DS sitt valarbeid. Her vil vi gå gjennom ein del sentrale vedtak, fyrst og fremst om kvar vi skal stille lister og om innsamlinga. Dessutan vil vi gå gjennom hovedtrekka i arbeidsplanen for valkampen.

1. Listestilling

SKAU har diskutert listestillinga på nytt etter at rapportane (stort sett!) er komne inn frå grunnorganisasjonane og Distriktsstyra. AU har vedtatt at Raud Valallianse skal stille liste til kommunevalet i desse kommunane i deira distrikt: *Troms, Trh., Bergen, Odda, Stv., Moss, Oslo, Barum.*

For nokre kommunar trengst det noko meir tid for å klare av listestilling. I deira distrikt gjeld det desse kommunane: *Forsgt., Notodden, Bodd, Svalbar.* Her er det sett ein ny frist på 1.mars for vedtak sentralt - det tyder at materiale og lagsvedtak må vera i Oslo til den dagen.

For kommunar som ikkje er nemde over har AU vedtatt av vi ikkje skal stille liste til kommunevalet. Frå laga i dei kommunane det gjeld, vil vi ha lagsvedtak om listestillinga innan 1/3.

Vidare har AU vedtatt at Raud Valallianse skal stille liste til fylkestingsvalet i *Troms, Hordaland, Sør-Trøndelag.*

For *Rog, Ostf., Akers* fylke har AU vedtatt at DS og laga kan starte arbeidet med å lage fylkestingsliste, men AU vil drøfte saka på nytt når eit utkast til liste er klart. Om sikkerheten ikkje er forsvarleg kan AU da gå mot listestilling.

AU har vedtatt at vi ikkje skal stille fylkestingsliste i

(alle som ikke er nemd i Nordl. + Telem.)

På same måte som for kommunevalet må DS melde frå straks dersom de er usamde.

2. Valinnsamlinga

Vi viser til melding i januar-rutinen. Totalinnsamlinga blir på 300 000 med delmål på 75 000 før 1.mai. Vi meiner at den fyrste delen av innsamlinga bør drivast på same måte som innsamlinga i haust, altså fort og effektivt og i hovedsak internt. Vi meiner dette er nødvendig for å få pengane inn uten at ein trækker for mykje opp i 1.mai-arbeidet. For den delen av innsamlinga som går etter 1.mai må vi legge større vekt på metoder for å mobilisere sympatisører og vener til å gje pengar. Målsettinga er høg, og det er ein føresetnad at DS legg eit kampanjeopplegg og fører nøye kontroll med arbeidet. Vi viser elles til artikkel i februarnummeret av Tjen Folket.

Målsettingane er brotne ned, og for deira distrikt ser det slik ut:

total målsetting - målsetting før 1.mai

Usekje må meldast.

3. Lokalbudsjett

Det skal forast attende pengar frå valinnsamlinga til dei einskilde

vedlegg

DS. For å fastsette ein nøkkel for fordelinga treng vi DS sitt budsjett for valkampen. Fristen er 1.april.

4. Arbeidsplanen

Arbeidsplanen er ikkje vedteken i detalj, men vi skal gje eit riss av korleis vi tenker oss framdrifta i dette arbeidet.

Sentralt vil ein "tiltakskomite" for Raud Valallianse oppstå innan 8/2 - ut i Klassekampen i veka etter. Denne "tiltakskomiteen" vil legge fram eit opprop som opprettinga av lokalkomitear bør drivast på grunnlag av. I samband med lanseringa av RV vert det diskutert å starte ein kampanje mot utelukkinga frå valprogramma i NRK. Vi minner om at Landskonferansen vedtok å føre ei slik kampanje på demokratisk grunnlag. Eit av forslaga til kampanja har vore namneinnsamling. De får halde eit auge på Klassekampen.

I samband med lanseringa av RV vil det bli laga ei presentasjonsavis i slutten av februar. Denne avisa vil gå i masseopplag og skal spreiaast både der vi skal stille og der vi skal boikotte. Vi meiner denne avisa bør spreiaast så snart ho kjem - for å få mest muleg avstand i tid frå 1.mai.

Der vi skal stille liste må Raud Valallianse vera oppretta og ha eige styre før påske - den politiske breidda vil variere, men vi meiner styret skal vera noko meir enn eit omdøpt lagsstyre. Oppgåvene fram til påske vil vera å bygge opp fronten, kontakte og konsolidere uavhengige. Vidare må arbeidet med lokale program startast. I tida før påske må ein og legge opp valkampen på universitet og høgre skoler. På desse plassane må valkampen drivast i april - oppløysinga tek til rett etter 1.mai og skolane er ikkje skikkelig i gang før valet. Valkampopplegget må både ha med seg masseagitasjon og eit gjennomorganisert opplegg for munn-til-munn-agitasjon. Ein må dessuten ta omsyn til at studentane både skal stemme RV og skal boikotte - ei ~~NA~~ analyse lokalt må finne hovedvekta, men begge deler må med.

I mai må listene jobbast ferdig. Det same gjeld lokale program. Før sommaren må ein vidare ha eit gjennomdrøfta og gjennomorganisert opplegg for munn-til-munn-agitasjonen i august/september. Vi meiner dette opplegget mellom anna må innehalde opplegg for storindustrien og husbesøk i utplukka område.

Der vi skal boikotte skal vi altså ha ei masseutdelinga av presentasjonsavisa i februar. Dessuten vil dei fleste laga dette gjeld også ha høgre skoler i sitt område, og må inn på valkamp der i april. NB på desse skolane vil det vera folk som kan stemme RV i heimkommuna.

I mai vil den viktigaste oppgåva bli å konsolider og organisere dei næraste rundt partiet. For dei som skal boikotte meiner vi det utadretta arbeidet må drivast intensivt i august/september, samstundes med TV-valkampen.

5. Partiavdelingsmøtet.

Etter den arbeidsplanen som er skissert og dei vedtaka som er gjort om valinnsamling, går det fram at alle lag vil ha oppgåver med valet før 1.mai. Vi meiner difor at partilagsmøtet om valet bør haldast før påske og helst i februar.

6. Sentral propaganda-plan

Planen er vedteken i hovudtrekk, vi vil ikkje garantere dei datoane som er givne, men dei vil halde seg innafor same månaden. For dei som tykkjer planen er omfattande, vil vi peike på at alle ikkje skal spreie alle avisane.

- | | |
|-------------------------|----------|
| 1) Presentasjonsavis | 26.febr. |
| 2) Elev/studentavis | 12.mars |
| 3) Kvinneavis | 19.mars |
| 4) Sosialisme/supermakt | 26.mars |
| 5) Arbeidsplassavis | 7.mai |
| 6) Småbruker/fisker | 11.juni |
| 7) Boikottavis | 9.juli |

Avisa om sosialismen/supermaktene er eit svar på behovet for å forklare strategien grundig. Avisa bør brukast under heile valkampen og til alle dei gruppene vi vil nå. I tid er avisene plassert ut ifrå den skissa til paln som vi har lagt fram.

Vidare vil det bli laga plakater, truleg tre i talet. Dessuten vil det kome ein sentral avslutningsløpesedel. Derimot vil det ikkje bli laga jakkemerke grunna omsynet til sikkerheten.

Det må leggst stor vekt på lokal propaganda og agitasjon. Vi meiner alle kommunar som skal stille må ha eigen propaganda - det same gjeld der vi tek del i fylkestingsvalet. Den lokale propagandaen bør brukast intensivt i sluttfasen av valkampen.

CHILE-FRAKSJON

Vedlagt finn de innkalling til det møtet som var varsla i januar. DS bør sende fraksjonsansvarleg dersom det finst aktiv Chile-komite i distriktet, men DS bør ikkje sende nokon "fordi møtet ser interessant ut". DS må merke seg at vi vil ha melding om kor mange som kjem - DS må altså si frå dersom de vil sende nokon.

50-MILS-KAMPEN

Vi viser til direktiv i januar-rutinen. AU vil i Klassekampen presentere det politiske opplegget som vi meiner fronten bør samle seg om i aksjonsveka.

1. MAI

(1) Vi minner om rapportfrist for avdelingene sine drøftinger av 1.mai. Punkta til oppsummeringa vart sendt ut i desember-rutina. Fristen er 15/2.

(2) I desember-rutina vart det også varsla formannskonferansar om 1.mai i alle fylker i april. Opplegg og innleiing på desse konferansane vil OU gjerne stå for, DS må innkalle. Konferansen går over to dagar, ein dag på 1.mai og andre dag på valkampen. Meir materiale om det politiske opplegget kjem i mars-rutina.

Dere skal ha konferanse den

Vedlegg
Dere må innan 1.mars bekrefte dette tidspunktet, evt. foreslå eit anna tidspunkt.

(3) Sentralt materiale om 1.mai vil i hovudsak vera klart i starten av mars. Det gjeld fagleg front-merker og diverse plakater: kvinne, ungdom, arbeidsplass, fiskerigrænse m.m. Dette materialet vert annonsert i KK for bestilling.

(4) I desember-rutina oppmoda vi DSene til å vurdere kva slags nye plassar vi kan få i stand demonstrasjonar i år. All røynsle viser at for små og nye lag på ein plass så vil det å lage 1.mai-demonstrasjon for første gong kunne vere eit gjennombrudd i arbeidet. Samstundes er det klart at det vil kreve "hjelp av DS for å få i stand nye tog. OU si innstilling på plasser der det skulle vere grunnlag for tog i år er følgende:

Vedlegg
INSTRUKS FOR KVARTALSRAPPORT OG KONTINGENT L.KVARTAL 1975

Kvartalsrapportar og kontingent skal drivast inn frå avdelingene slik at det kan leverast på "april"-konferansen om 1.mai og valkampen.

Oslo	35000	150 000
Akershus	4000	15 000
Østfold	3000	12 000
Vestfold	1000	5 000
Hedmark	750	3000
Oppland	1000	4000
Buskerud	1500	6000
Telemark	2000	8000
A - Agder	250	1000
V - Agder	500	2000
Rogaland	2000	10000
Hordaland	10000	40000
Sogn & Fj.	750	3000
Møre & R.	1500	6000
Trøndelag	10000	40000
Nordland	4000	12000
Troms	5000	20000
Finnmark	<u>1000</u>	<u>5000</u>
	83 300	342 000

PLAN FOR FYLKESKONFERANSENE:

<u>FYLKE</u>	<u>TIDSPUNKT</u>	<u>OU=AMVSREEG</u>
TROMS/FINNMARK	5-6/4	Finn
NORDLAND	5-6/4	Nina
TRØNDELAG	5-6/4	Jens
MØRE	12-13/4	Jens
Sogn	5-6/4	Øk-ansv.
HORDALAND	5-6/4	Stein
ROGALAND	12-13/4	Stein
AGDER/TELEMARK	5-6/4	Calle
VESTFOLD	5-6-/4	TF-red
BUSKERUD	12-13/4	Calle
HEDMARK/OPPLAND	5-6/4	Brit
ØSTFOLD	12-13/4	Lise
Akershus	12-13/4	Finn (kan kjøres midt i uka?)
OSLO	Midt i uka	Nina

NYE Plasser for TOG:

FINNMARK: Kjøllefjord, Nuvsvåg, Havøysund.

Troms:

Nordland: Kabelvåg, Sortland, Henningsvær.

Trøndelag: Malm, Rørvik, Ørlandet, Løkken

Møre: Ålesund, Åndalsnes, Brattvåg

Sogn: Høyanger, Årdal.

Hordaland: Stord, Bremnes, Ålvik/Øystese, Vaksdal.

Rogaland: Sauda, Eigersund.

Agder

Telemark: Skien, Rjukan, Kragerø, Seljord

Vestfold: Sandefjord

Buskerud: Hokksund, Hønefoss, Gol, Slemmestad.

Oppland: Lunner/Barnbu, Jevnaker, Otta, Fagernes

Hedmark: N.odal, Brummundal.

Østfold: Askim

Akershus: Eidsvoll.